



## 6. Målgrupper og kontekst

Området Målgrupper og kontekst handlar om ulike målgrupper for karriererettleiing, omgivnadene som påverkar karriereutvikling, og kva som skapar rammer for karriererettleiing.

Ein karriererettleiar har kunnskap om ulike målgrupper for rettleiing og om mandatet og lovverket til dei ulike karriererettleiingstenestene. Karriererettleiaren har innsikt i korleis sosiokulturelle tilhøve kan påverke individet si karriereutvikling, og brukar innsikta medvite i møtet med veksøkjaren for å bidra til å utvide veksøkjaren sin moglegheitshorisont.

### Kunnskap

Karriererettleiaren:

- har kjennskap til dei ulike karriererettleiingstenestene og målgruppene deira
- har kunnskap om målgruppa for si eiga teneste og om kva føresetnader og behov dei har
- har kunnskap om relevante lover, regler, rettigheter og plikter som set rammer for karriererettleiinga
- har innsikt i korleis sosiale kategoriar som til dømes kjønn, sosioøkonomisk bakgrunn, etnisitet, alder, helse og seksualitet kan påverke individet si karriereutvikling

### Ferdigheiter

Karriererettleiaren:

- viser systemforståing og innsikt i samfunnsoppdraga til ulike sektorar
- anerkjenner livssituasjonen og behova til den einskilde, og bidrar til utforsking av moglegheiter og avgrensingar

### Generell kompetanse

Karriererettleiaren:

- har innsikt i konsekvensar av utanforskap og betydninga av inkludering og sosial rettferd for individ og samfunn
- er medviten om når det er viktig å utforske høvet til å utfordre normer og rammer som påverkar og/eller avgrensar individet sine valmoglegheiter